



Statsministerens kontor
Postboks 8001 Dep.
0030 Oslo

Dato: 17.02.2016
Vår ref.: 2014/18069-40
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:

Omstilling på Vestlandet – ynskje om møte med politisk leiing

Den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa har skapt behov for samordna regional innsats knytt til utfordingane for leverandørindustrien til olje og gass. Sektoren er prega av strukturelle problem med eit kostnadsnivå som ikkje er berekraftig på lang sikt, og fallet i oljeprisen har forsterka desse problema. Dei strukturelle problema må løysast med omstilling, innovasjon og nyskaping. Ansvaret for dette ligg primært hos næringsutøvarane, men myndigheter, nasjonalt og regionalt, kan medverke ved å gjere noko med rammetilhøva for denne industrien, og ved å stimulere og støtte konkrete tiltak og prosjekt.

For å møta nokre av desse utfordringane vart det i statsbudsjettet for 2016 sett av fire milliardar kroner til ekstra tiltak for å auka sysselsettinga. Dette inkluderer auka bevilling til arbeidsmarknadstiltak med over 500 millionar kroner. Regjeringa har samstundes varsle endringar i NAV sitt regelverk, knytt til utdanning og kompetanseheving for tilsette som mister jobben. Det er også kome signal om at NAV skal få større handlingsrom lokalt og regionalt.

Hordaland fylkeskommune har oppnemnd eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå Innovasjon Norge (IN), ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen for å arbeida med omstilling i petroleumssektoren. Fylgjande personar er med på dette samarbeidet:

- Roar Abrahamsen, leiar Fellesforbundet, avd. 5
- Stian Nyhus, regionsjef NITO Vest
- Kurt Andreassen, direktør CCB Ågotnes
- Lars Solberg, direktør Apply Leirvik
- Nina Broch Mathisen, fylkesdirektør Innovasjon Norge
- Anne Kvernland Bogsnes, fylkesdirektør NAV
- Astrid Aarhus Byrknes, ordførar Lindås
- Silje Hjemdal, fylkesutvalet
- Anne Gine Hestetun, fylkesordførar og leiar for Omstillingsutvalet

Mandatet til omstillingsutvalet er å utarbeide ein strategi med prioriterte innsatsområde, basert på innspel frå næringsliv, arbeidstakarorganisasjonar, verkemiddelapparat og politisk miljø. Strategien skal vere grunnlag for det administrative arbeidet som skal leggje til rette for at det vert gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga. Omstillingsutvalet skal også ta kontakt med sentrale styresmakter, og arbeide saman med desse, for å koordinera den regionale verkemiddelbruken og diskutere tiltak knytt til rammevilkåra for bransjen. I den samanheng er fylgjande tema peika på som aktuelle i dialogen mellom regionale- og sentrale styresmakter:

- Betra regelverket til NAV slik at arbeidstakarar som studerer ved sida av jobb, og som blir permittert/opp sagt, har rett på dagpengar sjølv om dei fullfører studiet.
- Mjuka opp regelverket for at arbeidsledige kan gjennomføre etter- og vidareutdanning for å kvalifisere seg til jobbar i andre sektorar samstundes som dei er jobbsøkarar.

- Betre vilkår for bedriftsintern opplæring (BIO), både for den enkelte, for bedrifta og for samfunnet.

Hordaland fylkeskommune har så langt sett av 5 mill. kroner øyremerkt til omstilling i petroleumssektoren i Hordaland. I arbeidet med å møta utfordringane til leverandørindustrien er ein betre avklaring og offensiv satsing knytt til følgjande tema viktige:

- Styrka fokus på støtteordningar til ny energi- og klimateknologi i industrien, t.d. gjennom Enova, IN og Norges Forskningsråd.
- Forenkling og standardisering av forelda dokumentasjonskrav i olje- og gassindustrien.
- Styrke tilsyn og kontrollapparat med ein tiltakspakke for å motverke sosial dumping og svart arbeid.
- Forsert offentleg bygge- og anleggsaktivitet.
- Unngå stans og utsettingar av ordinære vedlikehaldsoppdrag i oljebransjen.
- Setja i gang miljøvenleg utskifting av ferjeflåten, og framskunda bygging av nye kystvaktskip.
- Bruka trepartssamarbeidet mellom regjeringa, arbeidstakar- og arbeids-gjevarorganisasjonane til å finne gode løysingar på omstilingsutfordringane.
- Sjå moglegheitene i nye marknader.
- Stimulere til innovasjon og nyskapning gjennom offentlege anbod.

Regional utvikling krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Gode resultat krev difor kunnskap og god koordinering fra fleire verkemiddelaktørar. Det er også viktig at oppgåvefordelinga mellom det statlege, regionale og lokale offentlege verkemiddelapparatet er klår og oversiktleg.

For å få god forankring i verkemiddelbruken ber Innovasjon Noreg Hordaland, NAV Hordaland, partane i arbeidslivet og Hordaland fylkeskommune difor om eit snarleg møte med politisk leiing i ansvarlege departement.

Møtet kan gjerne haldast i tilknyting til regjeringa sin store havkonferanse i Bergen i mai, men det er også mogleg å finna andre tidspunkt og møtestadar dersom politisk leiing meiner det høver best.

Med helsing

Anne Gine Hestetun
Fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Arbeids- og sosialdepartementet, politisk leiing
Klima- og miljødepartementet, politisk leiing
Kommunal- og moderniseringsdepartementet, politisk leiing
Nærings- og fiskeridepartementet, politisk leiing
Olje- og energidepartementet, politisk leiing
Kunnskapsdepartementet, politisk leiing